

Vestlandsrådet

Saksutredning:

MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 17.03.2014

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

Innhold:

M-sak 1/14 Referat fra AU, telefonmøte; 220114

M-sak 2/14 Nøkkeltall for den maritime næringen på Vestlandet 2012

M-sak 3/14 Ekstremprematur-tilbud til barn i Stavanger og Bergen

M-sak 1/14 Referat fra telefonmøte i AU 22.01.14

Referat fra møte i AU 22. januar 2014 på Hotell Norge i Bergen kl 1730-1930

På møtet deltok fylkesordførerne Jon Aasen, Tom-Christer Nilsen, Åshild Kjelsnes og fylkesvaraordfører Terje Halleland. Nilsen måtte forlate møtet før slutt og Halleland kom senere pga flyforsinkelse.

Dessuten møtte fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik og Robert Løvik.

Saker som ble tatt opp i møtet:

Forslag til fellesprosjekter:

- Felles inntaksområde (Gjelder særlig Hordaland og Rogaland)
- Akvakulturkompetanse på Vestlandet
- Kulturminnevernkompetanse
- Tannhelse (unntatt M&R pga ulike helseregioner)

Bokbåtsak

Representant i NORA fra Vestlandsrådet

Sogn og Fjordane utnevner administrativ representant

Revisjon av handlingsprogram transportplan

Samferdselsgruppa vurderer behovet for revisjon i lys av Stortingets vedtak av NTP i 2013

Sak om ekstremprematur tilbud til barn

Vestlandsrådet

Det gjøres en henvendelse til Helse Vest for å skaffe mer informasjon

Observatører fra Bergen og Stavanger til VR-møtene

Venter med invitasjon til etter behandling av politisk plattform i fylkeskommunene og i VR-møte

AU-sak 1/14 Møteplaner for Vestlandsrådet og AU for 2014

Denne saken ble utsatt på Vestlandsrådets møte 031213 og AU ble gitt i oppdrag å vedta møtedatoer for 2014. I nåværende sak er det skjedd en justering for Rådets møt i februar pga av for kort tid til å arrangere møte i den måneden og også vinterferier i fylkene.

Det foreslås å ha møte i Vestlandsrådet 6. mars i år. Det forutsettes selvsagt at det er mulig å få tak i tilgjengelig møtested på så kort tid.

På møtet 6. mars foreslår leder av Rådet å møte Stortingets vestlandsbenk. Det finner sted på Gardermoen eller i Oslo sentrum.

Møtet i mai foreslås holdt i Møre og Romsdal og novembermøtet i Stavanger.

Når det gjelder AU-møter er det lagt opp til fem faste. Da er det åpning for (minst) tre improviserte møter.

Møteplan:

Vestlandsrådet 3 møter

Måned	Dato	Sted	Merknad
Mars	6. evt. 20.	Gardermoen/ Oslo	
Mai	21.-22.	Møre og Romsdal	Med overnatting
November	27.	Stavanger	

AU

Måned	Dato	Tid	Sted
Januar	22.	1730-1930	Hotell Norge
April	2.	1000-1100	Telefonmøte
Juni	13.	1000-1100	Telefonmøte

Vestlandsrådet

September	9.	1000-1100	Telefonmøte
November	6.	1000-1100	Telefonmøte

Fylkesrådmannens forslag:

Møtedatoene vedtas slik det er foreslått.

Vedtak:

Vestlandsrådet: Marsmøtet holdes enten 17. eller 19. mars. Møtet i mai blir en-dags og holdes 19. mai. Novembermøtet blir som foreslått 27. november.

AU-møter: Møtet i april holdes 1. april i Oslo under KS-samlingen. Resten av møtene blir som foreslått som video-møter mellom kl 1000-1200.

Møtet med Vestlandsbenken tas sikte på 17./19. mars. Dersom dette er vanskelig sikter en seg inn på 1. april. Jon Aasen tar kontakt i saken.

AU-sak 2/14 Revidert politisk plattform

Det ble i VR-sak 24/13 på Vestlandsrådets møte 3. desember 2013 vedtatt at politisk plattform for Vestlandsrådet skulle revideres etter innholdet i vedtak og saksframstilling. Revidert forslag (vedlegg 1) og tidligere plattform (vedlegg 2), vedtatt i oktober 2012, er lagt til i saksframlegget.

Saksframlegg

1. INNLEIING: FORNYING OG REVIDERT POLITISK PLATTFORM

Vestlandsrådet vedtok 03.12.2013 (sak 24/13) ny organisering og arbeidsform for rådet.

Fylkesrådmannen ønsker på bakgrunn av vedtakspunkt 10 i saka: «Gjeldande politiske plattform for 2012-15 vert revidert og lagt fram for Vestlandsrådet sitt første møte i 2014» å leggje fram si tilråding til revidert politisk plattform for inneverande fylkestingsperiode. Vestlandsrådet er danna ut frå erkjenninga av at fylka har felles utfordringar, og at det ligg klare vinstar i å samle kreftene og medverke til utvikling av Vestlandet. Dette utgangspunktet ligg fast også for den reviderte politiske plattformen.

I arbeidet framover vil Vestlandsrådet sitt arbeidsutval, AU, ha eit hovudansvar for å sette den politiske dagsorden, og herunder fungere som eit politisk beredskapsorgan. Dette inneber mellom anna å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige utfordringar og behov som er av særleg interesse for dei fire Vestlandsfylka. Dette kan innebere å sette i gang prosessar som grunnlag for å ta politiske initiativ, m.a. gjennom fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.

Den tidlegare plattformen nemnte i større grad ulike sektorar og spesifikke næringer. Når den politiske beredskapsrolla er framheva som sentral for det vidare arbeidet i Vestlandsrådet, vil det også kunne vere eit noko større rom for å gripe aktuelle saker som i utgangspunktet ikkje er *omtala direkte* i den politiske plattformen. Vestlandsrådet set slik fokus på særleg aktuelle og viktige saker for regionen. Dette kan innebere at enkelte saker, t.d. innan kultur og særskilde næringer kan verta tekne tak i og framheva

Vestlandsrådet

sjølv om dei ikkje er direkte omtala i plattform, nettopp fordi AU meiner dei er særleg viktige og relevante for fleire fylke. Samtidig vil andre saker som er direkte omtala i plattform ikkje til ei kvar tid vere i sentrum av dagsorden, fordi dei ikkje blir sett på som aktuelle nok. Fylkesrådmannen meiner Vestlandsrådet bør opne for at AU har ein slik fleksibilitet i utøvinga av rolla som politisk beredskapsorgan. Eit døme på ei politisk sak som kan bli særleg aktuell for AU og Vestlandsrådet vil vere debatten omkring framtidig forvaltningsorganisering på regionalt og kommunalt nivå.

I framlegget til revidert politisk plattform skil fylkesrådmannen mellom fem område etter tema og arbeidsmetodikk:

Samferdsle: Vestlandsrådet har tidlegare hatt stort fokus på utfordringane innan samferdsleområdet på Vestlandet. Det vert rådd til at rådet arbeider vidare med aktuelle saker knytte til dette saksområdet.

Fellesprosjekt: Vestlandsrådet definerer ein del politiske prosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte. Her vil fokus bli retta mot politikkkutforming og korleis fylkeskommunane i fellesskap skal få sett viktige saker på dagsorden. Kva fellesprosjekt som det vert arbeidd med over tid, kan variere.

Felles oppgåveløysing: Dei fire fylkeskommunane har eit betydeleg politisk handlingsrom knytt til sine ansvarsområde. Gjennom eit utvida samarbeid og systematisk erfaringsutveksling skal fylkeskommunane gjennom Vestlandsrådet finne fram til modellar for ei effektiv oppgåveløysing og meir samordna tenester retta mot innbyggjarane på Vestlandet. Særleg gjeld dette innan vidaregåande opplæring og organisering av kollektivtransporttilbodet.

Politisk beredskap: Det vert føreslege at Vestlandsrådet særleg gjennom AU skal ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.

Internasjonalt arbeid: Det blir gjort framlegg om at Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC). Gjennom CPMR og NSC er fylkeskommunane med på å påverke europeisk politikk, samt på å utvikle felles løysingar med andre regionar i Nordsjøområdet. Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement.

Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i iverksettinga av strategien «North Sea Region 2020». Vestlandsrådet held også fram sitt engasjement i Europapolitisk forum. Forumet er ein møteplass mellom departementa på politisk nivå (statssekretærnivå) og folkevalde frå fylkeskommunar, kommunar (via KS sitt hovudstyre) og Sametinget.

Vestlandsrådet

I det nye framlegget til politisk plattform er det foreslått å ikkje ha kultur og næring som eigne satsingsområde. Det vil likevel vere naturleg at Vestlandsrådet har fokus på kultur- og næringssaker som ein del av beredskapsfunksjonen til rådet når dette er aktuelt.

Storbyane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett.

Den politiske plattformen vil bli revidert etter at Vestlandsrådet har fått nye medlemmer etter kommune- og fylkestingvalet i 2015. Deretter tek ein sikte på å revidere plattformen ved starten av kvar valperiode.

2. POLITISK BEHANDLING I DEI FIRE FYLKESKOMMUNANE

Fylkesrådmannen legg no den reviderte politiske plattformen for Vestlandsrådet for perioden 2012-2015 fram for førebels behandling for rådet. Deretter ser fylkesrådmannen føre seg ein saksgang der dei fire fylkeskommunane behandlar denne. Når alle fylkeskommunane har hatt ei formell politisk behandling av framlegget til politisk plattform, legg fylkesrådmannen denne saka fram for endeleg behandling i Vestlandsrådet, med fylkeskommunane si behandling som vedlegg.

Fylkesrådmannen sitt framlegg byggjer i stor grad på Vestlandsrådet sitt vedtak i sak 24/13 «Vestlandsrådet – organisering og arbeidsform». Både nemnde sak til Vestlandsrådet og framlegget til revidert politisk plattform byggjer i tillegg på referatet frå fylkesordførarane sitt arbeidsmøte om organisering, arbeidsform og framtidige oppgåver 11.11.2013.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det har vore ei målsetting å i noka grad «spisse» saksporteføljen til Vestlandsrådet gjennom den reviderte plattformen. Nokre av dei sentrale saksfelta i den politiske plattformen frå hausten 2012 er no ikkje nemnde konkret i framlegget. Dette gjeld t.d. «styrking av sjøtransporten», «styrking av kollektivtransporttilbodet i byområda» og «styrking av den digitale kommunikasjonen» som i plattformen frå hausten 2012 sorterer under samferdsle.

3. ADMINISTRATIVE OG FAGLEGE RESSURSAR

Eit godt fungerande Vestlandsråd er avhengig av at det vert sett av tilstrekkelege administrative ressursar for å drive fagleg god saksførebuing. Det er fylkesrådmennene sitt ansvar å allokere ressursane på ein slik måte at sakene er godt førebudde og gjennomarbeidde før dei vert lagde fram for politisk behandling.

Det vil vere behov for å fordele saksbehandlingsressursar mellom ulike fagområde og saker, og det er difor viktig at fylkesrådmennene har ein fleksibel og aktiv strategi på korleis ressursane vert prioriterte – både internt i dei fire fylkeskommunane og mellom desse. Fylkesrådmennene sitt ansvar ligg mellom anna i å prioritere kva for saker som skal førebuast for politisk behandling til det enkelte møte. Dette gjeld også annan bruk av utgreiingsressursar, som til dømes ved kjøp av konsulent- og utgreiingstenester.

Vestlandsrådet sine resultat er avhengige av innsatsen vi set inn. Det vil difor vere avgjerande for den framtidige organiseringa og arbeidsforma i Vestlandsrådet at det vert gjennomført halvårlege møte mellom fylkesrådmennene og sekretariatet. Det er også avgjerande at sekretariatet utarbeider eit

Vestlandsrådet

årshjul der viktige prosessar og aktivitetar som vedkjem Vestlandsrådet vert teikna inn. Eit slikt årshjul kan m.a. innehalde følgjande tema (døme):

1. Møtefrekvens/-datoar for Vestlandsrådet og AU
2. Kva signal og meldingar kjem frå sentrale, statlege styresmakter neste halvåret?
3. Korleis er framdrifta i dei iverksette fellesprosjekta?

Fylkesrådmannens forslag:

Foreslått revidert politisk plattform anbefales og legges fram til drøfting. Saka tas opp i Vestlandsrådet til drøfting og anbefaling. Saka sendes deretter til de fire fylkeskommunene til behandling før saka endelig vedtas i Vestlandsrådet.

Vedtak:

1.Foreslått politisk plattform anbefales i samsvar med fylkesrådmannens forslag med en tilføyelse som legges inn under overskriften «Revidert politisk plattform for Vestlandsrådet 2012-15»:

«Vestlandsrådet er danna ut i frå ei erkjenning av at fylka på Vestlandet har felles utfordringar, og at vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse våre felles utfordringar.»

2.Politisk plattform sendes fylkesutvalgene til behandling før vedtak i Vestlandsrådet 17/19 mars.

Vestlandsrådet

VEDLEGG 1

REVIDERT POLITISK PLATTFORM FOR VESTLANDSRÅDET 2012–15

Fylka på Vestlandet har eit framtidsretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er viktige for omliggjande kommunar. Store område på Vestlandet er likevel prega av stagnasjon. Naturen gir oss mulegheiter, men utgjer også hindringar for å få effektive samband, t.d. nord-sør. Vestlandsrådet skal heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet, og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom arbeidet i Vestlandsrådet:

- Styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- Koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen
- Fremme politiske saker av felles interesse
- Aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- Skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- Ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Storbyane Bergen og Stavanger får tilbod om observatørstatus i Vestlandsrådet med møte- og talerett. Vestlandsrådet skal finne ei form og ein innretning på sitt arbeid som gjev storbyane ein vinst ved å delta aktivt inn mot Vestlandsrådet.

Vestlandsrådet har særleg innanfor følgjande saksområde ambisjonar om å påverke samfunnsutviklinga på Vestlandet:

1. SAMFERDSLE

Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping i dei fire vestlandsfylka. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i.

Vestlandsrådet vil difor arbeide for effektive transportløysingar både internt på Vestlandet og mot resten av landet – og mot utlandet.

Vestlandsrådet rettar innan samferdsle sitt hovudfokus mot:

- Ferjefri E39 Stavanger–Trondheim: Oppfølging og vidare arbeid.
- Kostnadsutviklinga for fylkesvegferjene.
- Forfallet på vegnettet og å ta att vedlikehaldsetterslepet på viktige vegstrekningar. Vestlandsrådet legg særleg vekt på å syte for tilstrekkelege økonomiske rammer til prioriterte prosjekt, m.a. gjennom felles innspel til Nasjonal transportplan (NTP).
- Auka statleg satsing på ras-sikring. Rasfaren er ei stor utfordring på vestlandsvegane. Gjennom dagens øyremarka tilskot må staten styrke ras-sikringa i tråd med det samla ras-sikringsbehovet, og støtte den nasjonale ras-sikringsgruppa i kravet om at all offentleg veg skal vere ras-sikra innan 2030.
- Vestlandsrådet peikar ut medlemmer til det nasjonale ras-sikringsutvalet.

Vestlandsrådet

2.	FELLESPROSJEKT MELLOM DEI FIRE FYLKESKOMMUNANE
	<p>Vestlandsrådet skal fremje politiske fellesprosjekt som det særleg skal arbeidast med på ein systematisk måte for å bidra til politikktutforming, til å fremje utvikling på Vestlandet og å setje sentrale saker på dagsorden. Vestlandsrådet skal prioritere følgjande fellesprosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none">■ Infrastruktur- og nettutvikling innanfor energisektoren■ Grenseoverskridande billetteringssystem på Vestlandet■ Felles autopassordningar for ferjer og bomstasjonar■ Statlege arbeidsplassar på Vestlandet (lokalisering og Vestlandet sin relative del)■ Vekstmulegheiter, utfordringar og rammevilkår innanfor marine næringar■ Samarbeid om etableringa av Global Centres of Excellence (GCE) på Vestlandet■ Næringsretta FoU-arbeid og utdanningstilbod
3.	FELLES OPPGÅVELØYSING: SAMARBEID OG ERFARINGSUTVEKSLING
	<p>Dei fire fylkeskommunane har eit betydeleg politisk handlingsrom knytt til sine ansvarsområde. Gjennom eit utvida samarbeid og erfaringsutveksling skal fylkeskommunane gjennom Vestlandsrådet finne fram til modellar for ei effektiv oppgåveløysing og meir samordna tenester retta mot innbyggerane på Vestlandet. Særleg gjeld dette innan vidaregåande opplæring og organisering av kollektivtransporttilbodet.</p>
4.	POLITISK BEREDSKAP
	<p>Vestlandsrådet skal særleg gjennom AU ha ein politisk beredskap for å følgje opp saker som er sentrale for utvikling av Vestlandet. Dette inneber å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt for å fange opp viktige politiske signal og prosessar som er av særleg interesse for eitt eller fleire av Vestlandsfylka, og der det er naturleg å følgje dette opp politisk gjennom uttaler, politisk påverknad og gjennom å følgje opp gjennom nye tiltak og prosjekt. Vestlandsrådet skal og ta initiativ til fellesmøte med representantar frå regjeringa og Stortinget.</p>
5.	INTERNASJONALT ARBEID (INTERNASJONALISERING)
	<p>Vestlandsrådet styrkar den politiske deltakinga og koordineringa i organisasjonane The Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og North Sea Commission (NSC). Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjonen i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement.</p> <p>Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og opprettheld engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal også koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i iverksettinga av strategien «North Sea Region 2020».</p> <p>Vestlandsrådet held også fram sitt engasjement i Europapolitisk forum.</p>
6.	KULTUR
	<p>Vestlandsrådet tonar ned det faste engasjementet innan kulturfeltet, men engasjerer seg i aktuelle saker der dei fire fylka har klare fellesinteresser (jf. den politiske beredskapsrolla).</p>

Vestlandsrådet

VEDLEGG 2

PLATTFORM FOR VESTLANDSRÅDET (VEDTEKEN 22.10.2012)

Den nye plattformen for Vestlandsrådet vart vedteken i Vestlandsrådet 22. oktober 2012 og byggjer på ein ny samarbeidsavtale mellom dei fire fylkeskommunane. Arbeidet med avtalen skriv seg igjen frå eit fellesmøte mellom fylkesutvala i dei fire fylkeskommunane og Vestlandsrådet våren 2009 og har vore oppe til handsaming i fylkestinga i dei fire fylkeskommunane før endeleg handsaming i Vestlandsrådet.

Den plattformen vi no presenterer vil bli revidert første gong etter at Vestlandsrådet har fått nye medlemmer etter kommune- og fylkestinga i 2011. Deretter tek ein sikte på å revidere plattformen ved starten av kvar valperiode.

INNLEIING

Fylka på Vestlandet har mange felles moglegheiter for utvikling. Vi har eit ramtidsretta næringsliv basert på ressursane i havet og aktivitetar langs kysten. Vi har bysentra som er viktig for veksten på Vestlandet, men òg område som er prega av stagnasjon. Og ikkje minst, vi har eit landskap prega av fjell og fjordar. Landskapet gir oss store moglegheiter, men som også er vesentlege hindringar for å få effektive samband langs kysten.

Vestlandsrådet er danna ut i frå ei erkjening av at fylka på Vestlandet har felles utfordringar, og at vi kan oppnå meir gjennom å samle kreftene for å utvikle Vestlandet og for å løyse våre felles utfordringar.

På Vestlandet må vi heile tida vere merksame på politiske prosessar som gjeld rammevilkåra for utvikling på Vestlandet. Og vi må sikre handlingsrom til å gjere det viktige og det riktige regionalt.

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde
- fremme politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

SATSINGSOMRÅDE

Samferdsle

Gode kommunikasjonar er ein kritisk faktor for å sikre konkurransekraft og høg verdiskaping på heile Vestlandet. Betring av kommunikasjonane er sentralt også for å gjere landsdelen meir attraktiv å busette seg i. Det må difor leggjast opp til effektive transportløyser både internt på Vestlandet og mot resten av landet og mot utlandet. Berekraftperspektivet vil vera sentralt i gjennomføringa av samferdsletiltak. Særleg må ein taka omsyn til det som påverkar artsmangfaldet i dyre- og plantelivet.

Vestlandsrådet vil arbeide for å:

Ferjefri E39 Stavanger-Trondheim innan 20 år

Utvikling av E39 med redusert reisetid og standardauke er avgjerande for verdiskaping og utvikling av

Vestlandsrådet

robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar på Vestlandet. Vestlandsrådet vil arbeide for at nødvendige traseavklaringar, planlegging og finansiering kjem på plass for ei snarleg realisering av ferjefri E39 Stavanger-Trondheim.

Å stoppe forfallet på vegnett på Vestlandet og ta att vedlikehaldsetterslepet på viktige vegstrekningar

Manglande vedlikehald fører til trafikkfarlege vegstrekningar og redusert framkomst med ekstra kostnader for næringsliv og innbyggjarar på Vestlandet. Staten må bidra til eit særskilt nasjonalt løft for å stoppe forfallet på vegnettet og ta att vedlikehaldsetterslepet på deler av vegnettet.

Auka statleg satsing på ras-sikring

Både uvêr og framtidige klimaendringar gjer rasfare til ei stor utfordring på vestlandsvegane. Ras har ført til ulykker med tap av liv og stengde vegar med transportulempar for busette og næringsliv. Gjennom dagens øyremerka tilskot må staten styrke ras-sikringa i tråd med det samla ras-sikringsbehovet og støtte kravet til den nasjonale ras-sikringsgruppa om at all offentleg veg skal vere ras-sikra innan 2030.

Styrkje flytrafikken

Over større distansar vil fly ha ein større føremon enn bil både som passasjer- og godstransportør. Vestlandsrådet vil arbeide for at det blir etablert tenlege flyruter mellom dei ulike regionane på Vestlandet.

Styrkje sjøtransporten

Med kysten og havet som naturgitt infrastruktur er det eit mål å styrkje sjøtransporten både direkte til internasjonale hamner og internt i landsdelen. Vestlandsrådet vil arbeide for realisering av Stad skipstunnel og endringar i avgiftssystemet knytt til sjøtransport.

Styrkje kollektivtransporten i byområda

For Vestlandet er det viktig at byområda fungerer som trafikale knutepunkt, der kollektivtransporten må ta den forventa framtidige trafikkveksten. For å binde vestlandet sterkare saman er det og viktig å styrkje det regionale fylkeskryssande rutetilbodet. Vestlandsrådet krev statleg medfinansiering av større infrastrukturtiltak for kollektivtrafikken.

Styrkje digital kommunikasjon

Digital kommunikasjon gjennom mobiltenester og breiband er blitt nervesystemet i samfunnet. Høg kvalitet på desse tenestene er ein føresetnad for at næringsliv og anna samfunnsliv skal fungere. Uvêr har satt mobiltenesta og andre digitale tenester ut av spel for kort eller lengre tid. Vestlandsrådet vil legge press på sentrale aktørar for at denne infrastrukturen skal være stabil og av høg kvalitet, og arbeide for tiltak som aukar sikkerheita og kvaliteten på tenestene. Vestlandsrådet vil vektleggja arbeidet for vidare utbygging av siste generasjons breiband og mobiltenester slik at heile Vestlandet får tilbod om slike tenester.

Påverke rammevilkåra for viktige næringar for Vestlandet

Vestlandet har eit framtidsretta næringsliv som skaper store verdiar og som skal legge grunnlaget for framtidig vekst og velferd for heile nasjonen. Best moglege rammevilkår for verksemdene er avgjerande både nasjonalt og regionalt. I utforming og gjennomføring av tiltak må berekraftperspektivet vere sentralt.

Vestlandsrådet vil arbeide for å:

Vestlandsrådet

Sikre gode rammevilkår for næringslivet på Vestlandet.

Vestlandet har store føremonar innan dei marine og maritime næringane, energinæringane og reiseliv samt media og film. Vestlandsrådet skal arbeide for å sikre gode rammevilkår for desse næringane på Vestlandet.

Sikre relevant informasjon om næringslivet på Vestlandet

Vestlandet har næringsklynger i verdsklasse. Vestlandsrådet skal arbeide for å sikre at avgjerdsaktørar sentralt får relevant informasjon om næringsliv og føresetnader for verdiskaping på Vestlandet.

Delta aktivt i utforminga av nasjonal næringspolitikk

Det er sentralt å skape størst mogleg handlingsrom regionalt, slik at vi kan nytte potensialet for verdiskaping fullt ut. Mellom anna må det arbeidast for å få meir treffsikre verkemiddel for næringsutvikling, slik at byar og regionsentra kan vere motorar for heile regionen. Eigarskapet i Innovasjon Norge gir moglegheiter for utforming av nasjonal næringspolitikk.

Landbruk

Landbruket på Vestlandet er mellom dei mest effektive i landet trass i sin bruksstruktur. Det er ein stor trivselfaktor for landsdelen knytt til stell av landskapet og produksjon av rein mat. Samstundes legg det også grunnlaget for turistnæring utanom byer og tettstader. Vestlandsrådet vil leggja vekt på ein politikk som tek vare på dei knappe landbruksareala og sikrar ei inntekt som står i høve til arbeidsinnsatsen.

Styrke Nordsjøsam arbeidet for Vestlandet

Nordsjøområdet er Vestlandet sitt nærområde til Europa. For Vestlandsrådet er det sentralt å arbeide vidare med det regionale samarbeidet i Nordsjøregionen som allereie er etablert på tvers av nasjonale grenser. Gjennom å vere aktive i dette samarbeidet vil Vestlandsrådet vidareutvikle si regionalpolitiske rolle i ein internasjonal kontekst innan fleire viktige tematiske område.

Vestlandsrådet vil arbeide for:

Å styrke den politiske deltakinga i organisasjonane CPMR (The Conference of Peripheral Maritime Regions) og NSC (North Sea Commission) Gjennom CPMR og NSC kan fylkeskommunane vere med på å påverke europeisk politikk, samt utvikle felles løysingar med andre regionar i Nordsjøområdet. Vestlandsrådet kan styrke Vestlandet sin påverknad i desse organa gjennom å sikre politisk representasjon i styringsorgana for CPMR og NSC. Det vil vere viktig for vestlandsfylka å få til ei samordning av den politisk representasjon i dei faglege grupper for CPMR og NSC. Dette vil vere for å styrke og systematisere samarbeidet innan sentrale område som FoU, energi, næringsutvikling, kultur og klima. Å hevde Vestlandet sine interesser gjennom aktivt å påverke nasjonale og internasjonale styresmakter i tematiske saker som gjeld Nordsjøregionen Vestlandsrådet skal vere aktiv i den politiske diskusjon i saker relatert til Nordsjøregionen, og sikre gode kommunikasjonskanalar inn mot relevante norske departement. Vestlandsrådet skal ivareta Vestlandet sine interesser i arbeidet med forvaltingsplanar for Nordsjøen og Norskehavet og oppretthalde engasjementet i samarbeidsorganisasjonen NORA. Vestlandsrådet skal òg koordinere ei aktiv deltaking frå Vestlandsfylka i iverksettinga av strategien «North Sea Region 2020».

Auke Vestlandet sitt regionalpolitiske handlingsrom

Eit demokratisk regionalt nivå med eit breitt ansvar for dei regionale utviklingsoppgåvene er ein styrkje ved demokratiet i Noreg. For å kunne utvikle eit attraktivitet og konkurransekraftig Vestland, må vi ta utgangspunkt i utfordringar og utviklingsmoglegheiter på Vestlandet. Vestlandsrådet vil arbeide for eit styrkt

Vestlandsrådet

regionalpolitisk handlingsrom.

Vestlandsrådet vil arbeide for:

Å styrke kompetansen på Vestlandet

Høg utdanning og tung forskningskompetanse er avgjerande for eit framtidretta samfunns- og næringsliv. Vestlandsrådet vil difor arbeide for å styrke regional forskning og utdanning og fremje samarbeidstiltak på tvers av fylkeskommunane.

At statlege arbeidsplassar vert lagt til Vestlandet. Statlege arbeidsplassar er viktige kompetansesarbeidsplassar, og Vestlandet må ha nasjonale institusjonar som har stor verdi for utviklinga av landsdelen. Vestlandsrådet vil difor arbeide for at nye statlege arbeidsplassar vert lagt til Vestlandet.

Å vere ein aktiv deltakar i arbeidet med å utvikle regional- og distriktpolitikk på Vestlandet. Vestlandet har både store vekstsentra og område som har utfordringar med stagnasjon og tilbakegang. Vestlandsrådet skal delta i politiske prosessar som har er viktige for distrikts- og regionalpolitikken nasjonalt og internasjonalt. Sikre kulturelt regionalpolitisk handlingsrom. Det blir arbeidd med fleire sentrale prosessar nasjonalt som vil bety mykje for framtidig kulturpolitikk. Vestlandsrådet vil arbeide for å sikre eit kulturelt regionalpolitisk handlingsrom, og at sentrale kulturinstitusjonar og tiltak på Vestlandet blir prioriterte og gjennom det spele ei aktiv rolle i utforminga av norsk kulturpolitikk.

Framheve kystkulturen på Vestlandet. Vestlandet har ein sterk kystkultur som er sentral i landsdelen sin identitet og verdiskaping. Vestlandsrådet skal arbeide for å styrke verdien av kystkulturen, og arbeide for at denne vert prioritert sterkare i nasjonal kulturminnepolitikk.

AU-sak 3/14 Reviderte vedtekter og samarbeidsavtale

Som følge av gjennomgang av Vestlandsrådets arbeid i VR-sak 24/13 ble det vedtatt at vedtekter og samarbeidsavtale skulle revideres. Forslagene til endringer tar utgangspunkt i forslaget til revidert politisk plattform og saksframlegg i VR-sak 24/13.

Vedtekter

FRAMLEGG TIL REVIDERTE VEDTEKTER FOR VESTLANDSRÅDET (revidert januar 2014)

§ 1 Føremål

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene
- fremje andre politiske saker av felles interesse

Vestlandsrådet

- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

Samarbeid om enkeltprosjekt skal som hovudregel gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka.

Samarbeidet er regulert gjennom vedtekne vedtekter som er i samsvar med krav i kommunelova § 27 og ein eigen samarbeidsavtale som gir det politiske grunnlaget for samarbeidet.

§ 2 Rettsleg grunnlag

Vestlandsrådet er eit interfylkeskommunalt samarbeidsråd oppretta med heimel i Kommunalova § 27, og er drive av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar.

Vestlandsrådet er ikkje ei sjølvstendig juridisk eining.

§ 3 Forhold til fylkeskommunane

Vestlandsrådet blir etablert og drive innanfor rammene til det fylkeskommunale forvaltningsnivå gjennom overført mynde frå fylkestinga i dei deltakande fylkeskommunane, og rammer fastsette av sentrale styresmakter i lov og forskrifter.

Dei deltakande fylkeskommunane skal bli orienterte om rådet sitt arbeid. Årsmelding og budsjett til Vestlandsrådet går til fylkeskommunane til orientering.

§ 4 Samansetjing

Vestlandsrådet har 5 medlemmer med varamedlemmer frå kvar av dei deltakande fylkeskommunane.

som blir valde av og frå fylkestinget sine medlemmer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vere mellom medlemene i rådet.

Medlemmer og varamedlem vert oppnemnde av dei respektive fylkeskommunane for den fylkeskommunale valperioden.

§ 5 Leiarvervet og arbeidsutval

Leiarvervet skal alternere mellom fylkesordførarane i dei deltakande fylkeskommunane med periodar på eit år av gangen. Rådet kan avvike dette dersom det er særlege grunnar, t.d. for å tilpasse leiarskapen fylkestingsval.

Fylkesordføraren i neste leiarskapsfylke er nestleiar for rådet.

Rådet har eit arbeidsutval (AU) som har dei fire fylkesordførarane som medlemmar.

§ 6 Eksterne samarbeidspartar

Rådet må sikre ei god samhandling med eksterne samarbeidspartar. Rådet kan opprette permanente eller mellombelse kontaktorgan med eksterne samarbeidspartar.

§ 7 Oppgåver og vedtaksmynde

Vestlandsrådet

Som styre med heimel i Kommunelova si § 27 gjer Vestlandsrådet vedtak med endeleg og bindande verknad med vanleg fleirtalsavgjerd i følgjande saker:

- a. Rådet kan på eige initiativ uttale seg om spørsmål av felles interesse for fylkeskommunane.
Dette gjeld også høyringssaker. Rådet kan sjølv avgjere om saka i tillegg krev uttale i dei einskilde fylkeskommunane.
- b. Rådet har avgjerdsmynde på dei områda der fylkestinga har delegert mynde til rådet, jf. § 8 eller når statlege styresmakter har overført oppgåver til rådet.
- c. Rådet vedtek fordeling av midlar innafor eiga budsjett, jf. § 8.
- d. Organet kan på eige initiativ vedta å setje i verk utgreiingar og planarbeid, så framt dette ikkje er i strid med anna planarbeid i fylkeskommunane.
- e. Rådet vedtek handlingsplanar og andre planar og utgreiingar som rådet tek initiativ til. Slike dokument skal gå til dei fire fylkeskommunane til uttale før endeleg vedtak i rådet.
- f. Rådet kan innafor eige budsjett vedta og gjennomføre utviklingsprosjekt av felles interesse for to eller fleire av dei deltakande fylkeskommunane.

§ 8 Sakshandsaming

Kommunelova sine reglar gjeld for rådet si verksemd og sakshandsaming så langt ikkje noko anna er fastsett i vedtektene her.

Rådet gjer vedtak i møte. Det skal førast møtebok over forhandlingane. Møta i rådet er opne om ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt eller andre reglar gjevne i eller medhald av lov.

Leiaren i rådet kallar inn til møte til dei tidspunkt rådet sjølv har fastsett. Som hovudregel bør det haldast minst tre møte i året. Elles vert møte halde når leiaren finn det påkravd eller når minst 1/4 av representantane i rådet krev det.

Leiaren set opp sakliste for det einskilde møtet. Saklista og andre dokument skal vere tilgjengeleg for ålmenta, under dette på Internett, med mindre dei er unnateke frå offentleggjering. Møtetid, møtestad og sakliste skal gjerast kjent for ålmenta på høveleg måte.

Innkalling med sakliste og saksdokument skal som hovudregel sendast rådsmedlemene minst ei veke før møtet.

Møta blir leia av fylkesordføraren i fylket som har leiarskapen, jf. § 4. Ved fråver skal nestleiaren leie møtet.

§ 9 Sekretariat

Vestlandsrådet

Sekretariatet er set saman av eit medlem (tilsett) frå kvar av fylkeskommunane og blir leia av ein dagleg leiar. Medlemmene av sekretariatet er sekretariatsleiarens «daglege» kontaktpunkt mot fylkeskommunane.

Fylkesrådmennene i dei deltakande fylkeskommunane deltek i saksførebuinga for rådet.

Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid innehar leiarvervet, har innstillingsrett til rådet. Dagleg leiar må forholde seg til fylkesrådmannen i leiarfylket.

Fylkesrådmennene har møterett i rådet.

§ 10 Budsjettskynde

Rådet gjer vedtak om sitt eige budsjett innafor ramma av dei tilskota som vert løyvde av fylkestinga. Rådet sitt budsjett blir lagt fram for fylkestinga til orientering.

Dei til ei kvar tid gjeldande budsjett- og rekneskapsforskriftene for fylkeskommunane gjeld også for rådet. Rådet kan omdisponere innafor eige budsjett.

Rekneskapa til rådet vert ført av fylkeskasseraren og revidert av fylkesrevisjonen i x fylkeskommune.

§ 11 Finansiering av rådet sin aktivitet

Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik:

- a. Eigne driftsutgifter til deltaking i organet vert dekkja av kvar einskild fylkeskommune.
- b. Leiarskapet i rådet blir dekkja av fylkeskommunen som har leiarskapet av Rådet.
- c. Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar av driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltakande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gje framlegg om storleiken på dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekkje 1/4 av desse utgiftene.
- d. Utgifter til einskildprosjekt blir fordelte i kvart einskild tilfelle knytt til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking i prosjekta.

§ 12 Endring av vedtekter

Endringar i desse vedtektene må vedtakast av fylkestinga i alle dei deltakande fylkeskommunane. Vestlandsrådet skal uttale seg før handsaming i fylkeskommunane.

§ 13 Endring av samarbeidsavtale

Endringar i samarbeidsavtalen kan gjerast av Vestlandsrådet sjølv etter at denne først er sendt medlemsfylka til uttale.

§ 14 Oppseiing av samarbeidet

Fylkestinget i eitt av dei deltakande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval. I eit slikt høve gjeld § 27 i Kommunelova.

Vestlandsrådet

§ 15 Iverksetjing

Rådet blei oppretta med verknad frå 1.1.2003.

Samarbeidsavtale

FRAMLEGG TIL REVIDERT SAMARBEIDSAVTALE FOR VESTLANDSRÅDET (revidert januar 2014)

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsorgan for fylkeskommunane på Vestlandet. Samarbeidet er oppretta med heimel i Kommunelova § 27 og vert drive av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Mandatet til Vestlandsrådet er gitt i vedtektene og er elles regulert gjennom denne samarbeidsavtalen.

Samarbeidsavtalen legg vekt på det politiske samarbeidet og skal styrke den politiske leiarskapen i rådet.

Arbeidet i Vestlandsrådet skal byggje på rausheit, respekt for kvarande sine særpreg og ei positiv innstilling til samarbeid.

I tillegg til det som er regulert gjennom vedtektene, er dei samarbeidande fylka samde om følgjande køyrereglar for samarbeidet:

- Medlemsfylka forpliktar seg til å informere rådet om saker som kan vere av felles interesse.
- Medlemsfylka skal vere opne for samarbeid med andre fylke utanom Vestlandsrådet i saker der dette fall naturleg.

Føremål

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
 - koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene
 - fremje andre politiske saker av felles interesse
 - aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
 - skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
 - ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene
- Samarbeid om enkeltprosjekt skal som hovudregel gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka.

Organisering

Samansetjinga av Vestlandsrådet er regulert i § 4 i vedtektene. Oppgåver og vedtaksmynde er regulert i § 7 og vedtak blir gjorde med endeleg og bindande verknad ved vanleg

Vestlandsrådet

fleirtalsavgjerd.

Vestlandsrådet har minst tre ordinære møte i året. Det blir lagt opp til følgjande møtestruktur:

- 2 dagsmøte
- 1 møte over to dagar. Dag ein vert brukt til orienteringar om viktige saksområde som Vestlandsrådets arbeidar med.

Leiarvervet skal gå på omgang mellom fylkesordførarane i medlemsfylka. Leiarperioden skal vere eitt år. Jfr § 5 i vedtektene.

Det er oppretta ei stilling som sekretariatsleiar. Sekretariatsleiar rapporterer til fylkesrådmannen i det fylket som har leiarvervet. Sekretariatet skal trekkje på dei totale ressursane i dei fire fylkeskommunane. Jfr § 9 i vedtektene.

Fylkesrådmannen i det fylket som har leiarvervet har tilrådingsrett til rådet.

Det er oppretta eit AU med dei fire fylkesordførarane. AU skal ha følgjande funksjonar:

- AU skal vere eit organ som set den politiske dagsorden; – avklare kva saker som ein skal jobbe med mellom møta og fastsete rammer og program for møta i Vestlandsrådet.
- AU skal ta avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig og etter mynde frå Rådet.

Fylkesordføraren i neste leiarskapsfylke er nestleiar for rådet. Jfr. § 5 i vedtektene.

I kvart rådsmøte skal det setjast av tid til ein open time der det blir gitt høve for medlemane i rådet å ta opp saker og å stille grunngitte spørsmål.

Vestlandsrådet bør evaluerast mot slutten av valperioden.

Satsingsområde for samarbeidet

Vestlandsrådet skal koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor følgjande prioriterte satsingsområde:

- Internasjonalt arbeid
- Samferdsle
- Innovasjon, næringsretta FOU og næringsutvikling
- Kystressursforvaltning – marin verdiskaping
- Kultur kor det finnes klare fellesinteresser

I tillegg skal det følgjande verta vektlagd:

- Definerte fellesprosjekt
- Felles oppgåveløysing kor det er naturleg med samarbeid
- Lobby og politisk beredskap

Innanfor desse satsingsområda skal det utarbeidast ein felles plattform for det vidare

Vestlandsrådet

arbeidet.

På andre område kan saker bli fremja ved behov og følger elles etablerte rutinar for saksbehandling.

Fylkesrådmannens forslag:

Reviderte vedtekter og samarbeidsavtale anbefales vedtatt. Saka tas opp i Vestlandsrådet.

Vedtak:

I samsvar med fylkesrådmannens forslag.

Samarbeidsavtalen og vedtekter sendes fylkesutvalgene til behandling. Det tas sikte på sak til Vestlandsrådets møte 17./19. mars.

Meldinger

M-1/14 Vestlandsrådets prosjekt EI 39-statusrapport 2013

Vestlandsrådet sitt prosjekt «EI 39» blir fullført i 2014.

Vestlandsrådet vedtok i 2011 eit prosjekt som etter kvart har fått namnet «EI 39», hurtiglading for elbil om lag kvar tiande mil frå Stavanger til Kristiansund. Sjå vedlegg.

I dag har det kome løyvingar frå Transnova som saman med loka finansiering gjer at prosjektet blir fullført i 2014, og vel så det.

Rogaland

Her var hurtigladestasjonane på plass allereie i 2011, unnateke Aksdal. På initiativ frå Hordaland fylkeskommune ble hurtigladestasjon etablert på Aksdal av Haugland Kraft i samarbeid med Tysvær kommune i 2012.

Hurtigladestasjonane nordover frå Stavanger land E 39 er frå 2012:

- Stavanger (Lyse Energi AS, operativ i 2011)
- Randaberg (Lyse Energi AS, operativ i 2011)
- Aksdal (Haugland Kraft AS, operativ i 2012)

Efaringa har vist at både køproblem i helgene og rekkeviddeproblem på grunn av dei djupe tunellane, særleg om vinteren, gjer at det også bør kome hurtiglading ved Askje på Mosterøy i Rennesøy kommune, dvs. mellom dei djupe tunellane. Dette vil

Vestlandsrådet

bli tatt opp med Rogaland fylkeskommune og Lyse Energi AS.

Hordaland

Her ble «E1 39» operativ i 2012. I tillegg er det i dag løyvd midlar frå Transnova til hurtigladestasjon på Romarheim, som viste seg naudsynt på grunn av topografi og avstand mellom Knarvik og Oppedal.

Hurtigladestasjonane i Hordaland langs E39 er:

- Leirvik (SKL AS, operativ i 2012)
- Halhjem ferjekai, (BKK AS, operativ i 2012)
- Fjøsanger i Bergen, (BKK AS, operativ i 2012)
- Knarvik (BKK AS, operativ i 2012)
- Romarheim BKK AS, operativ i 2014)

Alle dei eksisterande hurtigladestasjonane i Hordaland blir i 2014 oppgradert til både Chademo (japanske og franske elbilar) og CCS (EU-standard, tyske elbilar)

· I Hordaland er det i tillegg elbilveg mellom Bergen og Oslo som var køyrbar for idealistar sumaren 2013 og blir ordentleg operativ i 2014. Vegen går langs E16 med hurtiglading på Dale (2012) og Voss (2012) og vidare langs Rv 7 til hurtiglading i Eidfjord (2014) og vidare på Austlandet på Geilo (2012), Gol (2012), Flå (2012) og Hønefoss (2014) og Sandvika (2012). Slik kan ein køyre elbil frå Bergen til Oslo over Hardangerbrua, Hardangervidda og Hallingdal.

· E 134 blir operativ for elbilar frå Haugesund til Odda i 2014. Det er under bygging hurtigladestasjon i Etne. I dag er det løyvd midlar frå Transnova til hurtiglading i Odda. E134 Haukelivegen AS <<http://www.haukelivegen.net/index.php/as-haukelivegen/24-as-haukelivegen-v15-24>> har meldt interesse for å få Hordaland og Telemark fylkeskommunar til å samarbeide om å etablere hurtiglading over Haukelifjell, t.d. i Røldal, Haukelgrend og Seljord, helst også Åmotd og Notodden. Dette har det førebels ikkje vore kapasitet til å prioritere.

Sogn og Fjordane

BKK bygde i 2012 samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune hurtigladestasjon på Oppedal ferjekai ved Sognefjorden. Denne blir oppgradert til Chademo og CCS i 2014.

I dag har samarbeidspartnarane til Sogn og Fjordane fylkeskommune fått melding om at dei har fått støtte frå Transnova til hurtigladestasjonar i Førde og Nordfjordeid langs E 39 og også i Sandane og Florø. Søknaden om hurtigladepunkt på vegknutepunktet Skei ved E 39 fekk avslag frå Transnova, slik at det er usikkert når

Vestlandsrådet

dette kan realiserast.

Hurtigladestasjonane i Sogn og Fjordane langs E 39 blir:

- Førde (operativ i 2014)
- Skei (usikkert når blir operativ)
- Nordfjordeid (operativ i 2014)

Møre og Romsdal

På initiativ og med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune har Grøn Kontakt AS under bygging hurtigladestasjonar på Furene (Volda), Ålesund og Molde. I dag har ein fått løyving til nye hurtigladestasjonar i Kristiansund og Valsøytunet i Halså kommune. Med dette blir «E1 39» fullført i fylket og til og med vidareført til Trondheim. I Trondheim blir «E1 39» kopla med Green Highway, slik at ein kan køyre elbil vidare til Sverige, Østersund og Sundsvall. Frå 2014 kan ein altså køyre elbil frå Nordsjøen til Østersjøen, frå Stavanger til Sundsvall.

Hurtigladestasjonane i Møre og Romsdal langs E 39 blir:

- Furene, volda (Grønn Kontakt AS, operativ i 2014)
- Moa, Ålesund (Grønn Kontakt AS, operativ i 2014)
- Molde (Grønn Kontakt AS, operativ i 2014)
- Aspøya, Kristiansund (Grønn Kontakt AS, operativ i 2014)
- Valsøyfjorden (Valsøytunet Camping, operativ i 2014)

Neste hurtigladestasjonar langs «E1 39» er Orkdal og Trondheim, som er operative i dag.

Hordaland fylkeskommune har publisert pressemelding om saka.

Sjå <http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Kan-koyre-elbil-over-heile-Hordaland/>

Vestlandsrådet

M-sak 2/14 Nøkkeltall for den maritime næringa på Vestlandet 2012

Vestlandsrådet har fått laga nøkkeltall for 2010, 2011 og 2012 og har inngått ein avtale for levering av data også for dei følgjande neste to åra.

Det er laget statistisk materiale og mer utdypende framstilling av saka. Dette finner en på www.vestlandsraadet.no

Bakgrunn

EU la hausten 2007 fram ein integrert maritim politikk i form av ei "blåbok" og ein handlingsplan. Vestlandsrådet gjorde på møtet 2.-3.desember 2008 vedtak om å oppnemne ei oppfølgingsgruppe/ad-hoc-gruppe for EUs maritime politikk. Dei ønska å få på bordet dei viktigaste nøkkeltala for den maritime næringa på Vestlandet for å seie noko om storleiken og omfanget av denne næringa.

Føremålet med prosjektet var å utarbeide presise og autorative nøkkeltall basert på anerkjente og grundig dokumenterte data og metodar. Det var også ei målsetting for prosjektet at tala skulle kunne samanliknast med andre geografiske område, og at det skulle utarbeidast god dokumentasjon og rutinar for årlege oppdateringar.

Det er no utarbeidd fem årgangar av nøkkeltal for dei maritime næringane på Vestlandet; 2008 - 2012. Det er selskapet ideas2evidence som har innhenta og bearbeidd nøkkeltala på oppdrag frå Vestlandsrådet. I juni 2013 blei det inngått ein rammeavtale med Ideas2evidence om leveranse av tre årgangar av nøkkeltala. I samsvar med avtalen blei arbeidet med 2012-tala starta etter at nye tal var tilgjengeleg i Brønnøysundsregisteret hausten 2013 og blei levert 7. februar 2014. Dette er den andre leveransen innanfor denne avtalen. Business Region Bergen har ein tilsvarende avtale med Ideas2evidence om leveranse av nøkkeltal for Hordaland, men då for alle dei prioriterte næringane.

Nøkkeltala er presentert i ein rapport, ein flash-applikasjon med interaktiv visualisering, databasefil med detaljerte data for alle selskapa og ein PowerPoint presentasjon med figurar og grafar frå rapporten. Med unnatak av databasefilen er denne dokumentasjonen lagt ut på Vestlandsrådet sine heimesider. Datagrunnlaget er også sendt til næringssjefane i dei fire vestlandfylka. Nøkkeltala for heile perioden 2008-2012 er lagt inn i Hordaland si statistikkteneste, www.statistikk.igest.no.

Om nøkkeltala

Datasettet omfattar følgjande: *tal tilsette, omsetnad, resultat (årsresultat og driftsresultat), verdiskaping (driftsresultat + lønnskostnader) og tal føretak.*

Dei økonomiske tala er henta frå Einingsregisteret. Dette er detaljerte bakgrunnsdata om føretak, inkludert årsrekneskapsdata. Med utgangspunkt i data

Vestlandsrådet

på føretaksnivå er det berekna aggregerte tal for næringane og alle relevante geografiske nivå. Tilsettetal kjem frå Ravninfo, og i tillegg er det utarbeidd tal for nyetableringar og eksport. Desse tala er henta frå Statistisk sentralbyrå. Det er utarbeidd to sett med nøkkeltal: samanlikningstal og presisjonstal.

Samanlikningstala er berekna med utgangspunkt i kva næringskoder (NACE) det ein skilde føretaket er registrert på og er fordelt geografisk etter føretaket si juridiske adresse (dvs. hovudkontoret sin lokalisering). Desse tala kan enkelt samanliknast med tal for heile landet og for andre regionar, men fangar ikkje opp heile næringsklynga.

For *presisjonstala* er det nytta ei klyngetilnærming, heller enn ei strikt næringstilnærming. Her er det tatt utgangspunkt i næringa si verdikjede og inkluderer alle aktørar som i vesentleg grad har ein plass i denne verdikjede. Det betyr at i tillegg til kjerneverksemdene er det tilført føretak frå andre næringskoder (NACE) som i vesentleg grad er ein del av den maritime næringa si verdikjede (t.d. IT-selskap, finansielle og juridiske tenester, etc.). Presisjonstala inkluderer ikkje FoU-miljø eller offentlege institusjonar. Det er vidare utarbeidd estimat for føretak som har hovudkontor *utanfor* regionen, men som likevel har ein betydeleg aktivitet på Vestlandet og likeeins for føretak som har hovudkontor *i* regionen, men også betydeleg aktivitet utanfor Vestlandet. Presisjonstala gir med dette ei meir presis skildring av næringsklyngene på Vestlandet og kan også nyttast til å samanlikne på tvers av fylke og regionar på Vestlandet.

Med maritime næringar meiner vi *Maritim næringsklynge* (inkl. den maritime delen av *petroleumsnæringa*) og *Marin næringsklynge*. I den maritime klynga er kjerneverksemdene rederi og verft. I tillegg kjem tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar. I den marine klynga er kjerneverksemdene fiske, oppdrett og foredling. I tillegg blir føretak innan sal, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar som har ein vesentleg plass i verdikjeda, inkludert.

Resultat

Den maritime næringa	Vestlandet	% av Noreg	Vestlandet
	Samanlikningstal		Presisjonstal
Tal tilsette	65 738	55,2 %	77 863
Omsetnad	268 948 409	56,4 %	314 097 937
Verdiskaping	67 864 348	59,6 %	76 918 624
Driftsresultat	17 154 344		18 849 097
Årsresultat	19 084 762		20 153 419
Tal føretak	7 011	35,2 %	7 776

Tal for den maritime næringa på Vestlandet, 1000 kroner, 2012

Vestlandsrådet

Vestlandet utgjør det maritime tyngdepunktet i Noreg. I 2012 var det om lag 66 000 personar i den maritime næringa på Vestlandet, det ble omsett for nesten 269 milliardar kroner og den ga ei verdiskaping på nesten 68 milliardar kroner. Dette utgjør om lag 60 % av den totale maritime verdiskapinga i Noreg. I 2012 var det 7 011 føretak i den maritime næringa på Vestlandet. Dette utgjorde 35 % av tal føretak på landsbasis. Det betyr at føretaka i den maritime næringa på Vestlandet i gjennomsnitt er større enn elles i landet og at produktiviteten er høg.

Presisjonstala i høgre kolonne i tabellen over viser at næringa er noko større når vi også inkluderer underleverandørar og korrigerer for føretak som har verksemd både i utanfor regionen.

Den maritime klynga	Vestlandet	% av Noreg	Vestlandet
Samanlikningstal			Presisjonstal
Tal tilsette	54 919	57,5 %	65 534
Omsetnad	191 621 891	57,0 %	227 339 002
Verdiskaping	57 314 309	61,0 %	64 964 321
Driftsresultat	13 913 436		15 122 220
Årsresultat	13 181 918		14 092 307
Tal føretak	3 137	42,7 %	3 637

Tal for den maritime klynga på Vestlandet, 1000 kroner, 2012

Den marine klynga	Vestlandet	% av Noreg	Vestlandet
Samanlikningstal			Presisjonstal
Tal tilsette	11 514	45,2 %	13 634
Omsetnad	79 679 770	53,9 %	90 871 801
Verdiskaping	11 141 030	51,6 %	13 009 583
Driftsresultat	3 421 019		4 062 560
Årsresultat	6 029 544		6 331 385
Tal føretak	3 993	31,0 %	4 295

Tal for den marine klynga på Vestlandet, 1000 kroner, 2012

Også når vi ser på den marine og maritime klynga separat, ser vi at tyngdepunktet er på Vestlandet, målt i tal tilsette, omsetnad og verdiskaping, om ikkje i tal føretak.

Vestlandsrådet

Den maritime klynga har færre føretak enn den marine klynga, men sysselset mange fleire personar. Per tilsett er likevel omsetnad betydeleg større i den marine klynga samanlikna med den maritime klynga, medan verdiskapinga per tilsett er meir eller mindre lik.

Perioden 2008-2011 var ein samanhengande opptur for den marine klynga, men i 2012 snudde den positive tendensen og det var eit fall i dei økonomiske nøkkeltala, sjølv om talet tilsette og føretak auka litt. Omsetnaden fell med 2,3 % frå 2011 til 2012, medan verdiskapinga fell med heile 21,4 %. Driftsresultatet fell med nesten 46 % og årsresultatet med 34,3 %.

Mellom 2008-2010 var den maritime klynga i kontinuerlig nedgang, men ei positiv utvikling frå 2010 til 2011 har blitt ytterligare forsterka i 2012. Omsetnaden auka med 11 % frå 2011 til 2012, medan verdiskapinga steig med rett over 15 %. Driftsresultatet var opp 27,7 % og årsresultatet var heile 192 % betre enn året før.

Eit svært positivt trekk ved den maritime næringa på Vestlandet er at talet på tilsette er stabilt, og stort sett har auka kvart einaste år, også på klyngenivå. Denne utviklinga er uavhengig av nedgangsperiodane vi har sett, både for den marine og maritime klynga. Når vi ser på utviklinga frå 2008 til 2012 har sysselsettinga både i den maritime og marine klynga auka, med høvesvis 14,8 og 8,3 %. Berre mellom 2011 og 2012 auka talet på tilsette i den maritime klynga med 7,4 %, medan tilsvarande i den marine klynga var 3,5 %.

M-sak 3/14 Ekstremprematur- tilbud til barn i Bergen og Stavanger

I Vestlandsrådets møte 3. desember 2013 ble det tatt opp sak som gjaldt eventuell nedlegging av ekstremprematur-tilbudet til barn i Stavanger og Bergen.

Følgende svar er mottatt fra Helse-Vest 280214:

«Viser til din henvendelse til Helse Vest RHF om saken.

Det gjenstår fortsatt noen avklaringer før den endelige rapporten fra arbeidsgruppen foreligger.

Rapporten vil deretter bli sendt på høring i helseforetakene før den behandles i styret i Helse Vest.»

Forslag til vedtak:

Meldingene tas til orientering.

Vestlandsrådet

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesrådmann

Odd Erik Hansgaard
Sekretariatsleder

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.